

Inge Aukrust og Tor Petter Bø
Yrkeshemma inn på arbeidsmarknaden?

<i>Rapportar</i>	I denne serien vert det publisert statistiske analysar, metode- og modellbeskrivingar frå dei einskilde forskings- og statistikkområda. Også resultat av ulike enkeltundersøkingar vert publisert her, oftaast med utfyllande kommentarar og analysar.
------------------	--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

© Statistisk sentralbyrå, oktober 2009 Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen skal Statistisk sentralbyrå givast opp som kjelde. ISBN 978-82-537-7689-7 Trykt versjon ISBN 978-82-537-7690-3 Elektronisk versjon ISSN 0806-2056 Emne: 06.01 Trykk: Statistisk sentralbyrå	Standardteikn i tabellar Tal er umogleg .. Oppgåve manglar .. Oppgåve manglar førebels .. Tal kan ikkje offentleggjeraast .. Null .. Mindre enn 0,5 av den brukte eininga 0 Mindre enn 0,05 av den brukte eininga 0,0 Førebelts tal * Brot i den loddrette serien .. Brot i den vassrette serien .. Desimalskiljeteikn ,	Symbol 0 0,0 * ,
------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------

Samandrag

I denne rapporten blir det gjort ein beskrivande analyse av tilpassinga på arbeidsmarknaden for personar som har vore registrerte som *yrkeshemma* i NAV sitt register over arbeidssøkjavarar. Opplysningar om status på arbeidsmarknaden og demografiske kjenneteikn blir nytta som grunnlag for analysen. Det gjeld personar som gjekk ut av statusen som yrkeshemma i løpet av første halvdel av 2007, og evalueringstidspunktet er sett til slutten av november same året. Personane blir grupperte etter om dei har delteke i eit tiltak eller ikkje, fordelt på type tiltak. Yrkeshemma som ikkje gjekk på tiltak, blir kategorisert etter om dei søker attföring, er i kartleggingsfase eller ventar på tiltak.

Av dei som gjekk ut av status som yrkeshemma første halvår 2007, var 46 prosent sysselsette i november same år, ein auke på 2 prosentpoeng samanlikna med ei tilsvarende undersøking i fjor. Arbeidsløyseprosenten var derimot den same begge år (7 prosent registrerte arbeidslause).

Relativt flest personar som hadde byrja i arbeid i november 2007 var det blant yrkeshemma som hadde delteke på *ordinære arbeidsmarknadstiltak* første halvår 2007. 60 prosent i denne gruppa var sysselsette i november. Sysselsettingsprosenten var 46 for dei som gjekk ut av *spesielle tiltak for yrkeshemma* første halvår. *Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar* hadde færre i jobb enn resten av utvalet. Sysselsetjinga for denne gruppa var på 39 prosent. *Lønstilskot og varig tilrettelagt arbeid* utmerkar seg i kvar sin ende, med respektive 79 og 25 prosent sysselsette.

Yrkeshemma i første halvår 2007 som var blitt arbeidstakarar i november 2007 hadde i gjennomsnitt ein søkerperiode på 11,7 veker frå dei gjekk ut av status som yrkeshemma til dei var registrerte i jobb. Dei yrkeshemma som hadde delteke på tiltak første halvår 2007 hadde ein søkerperiode på 10,2 veker, medan yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar hadde ein søkerperiode på 13,9 veker.

Prosjektstøtte: Arbeidet er utført som eit oppdrag for Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Abstract

This report provides a descriptive analysis of the labour market outcomes for persons who left the status as occupationally handicapped during the first half of 2007 according to the Register of Job Seekers by the Norwegian Labour and Welfare Organisation (NAV). Labour market outcomes are measured towards the end of November the same year. The occupationally handicapped are divided into measure participants and non-participants. The participants are further grouped by type of measure. Non-participants are divided into 1) applicants of vocational occupational rehabilitation, 2) in a stage of mapping, and 3) in a waiting stage.

Compared to a similar sample the previous year, 2 percentage points more were employed in November of those who left the status as occupationally handicapped during the first half of 2007. The level of unemployment for this group was however the same as in the previous year.

Occupationally handicapped on ordinary labour market measures had the highest employment rate in November 2007 (60 per cent). The rate was only 46 for persons who left the status as occupationally handicapped after special labour market measures for occupationally handicapped. Occupationally handicapped in action plan and waiting stages (non-participants) had a lower employment rate than other groups (39 per cent). Wage subsidies and permanent sheltered jobs are measures at each end of the scale, with employment shares of 79 and 25 per cent respectively.

People who had found employment in November 2007 had been seeking work for 11.7 weeks on average after leaving the status as occupationally handicapped earlier that year. Occupationally handicapped that had participated in a measure applied for work over a period of 10.2 weeks, while occupationally handicapped in action plan and waiting stages had been job seekers for 13.9 weeks.

Acknowledgement: The work is funded by the Ministry of Labour and Social Inclusion.

Innhald

Samandrag.....	3
Abstract.....	4
1. Innleiing.....	6
2. Oversikt over gruppering av dei yrkeshemma.....	8
2.1. Arbeidsmarknadstiltak for ordinær arbeidskraft, der yrkeshemma inngår i målgruppa.....	8
2.2. Spesielle arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma.....	9
2.3. Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar (ikkje på tiltak)	10
3. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av første halvår 2007.....	11
3.1. Beskrivande analyse.....	11
3.2. Inndeling etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus i november	11
4. Søkjetida til dei som gjekk frå status som yrkeshemma til arbeidstakar	15
Referansar.....	17
Vedlegg	
A. Demografiske kjenneteikn og tiltaksfordeling.....	18
B. Meir om søkjetida til dei som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2007 og var tilsette i november.....	21
C. Oversikt over arbeidsmarknadsstatusar i SFP.....	23
Tabellregister.....	25

1. Innleiing

Denne rapporten er ei vidareføring av arbeidet med å utvikle eit tabellgrunnlag for analysar av personar registrerte som yrkeshemma i Arbeids- og velferdsetaten (NAV) sitt arbeidssøkjarregister (ARENA). Formålet er å bidra til ei årleg resultatvurdering av arbeidsmarknadstiltak ved å sjå kor mange som går over i vanleg arbeid etter å ha delteke på ulike typar tiltak, og kor mange som får ein annan status på arbeidsmarknaden enn å vere sysselsett.

I første halvår 2007 var det nær 25 000 personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i følgje NAV sitt register over arbeidssøkjarar. For denne gruppa av yrkeshemma blir det sett i verk ei lang rekke tiltak med siktet på å få flest mogleg ut i arbeid, til dømes lønstillskot, arbeidspraksis, opplæring og tilrettelagt arbeid (sjå kapittel 2). Denne rapporten inngår som ein del av det arbeidet som blir gjort for å måle effekten av slike typar tiltak.

Grupperinga av tiltak følger om lag same inndeling som NAV nyttar i sin statistikk. Forskjellen er at vi her har skilt ut skule (ordinær utdanning) frå arbeidsmarknadsopplæring. I tillegg har vi definert samlegruppa *Spesielle arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma* som tiltak der ordinære arbeidssøkjarar ikkje er ein del av målgruppa.

Omgrepet ”yrkeshemma” er i offisielle dokument blitt erstatta med formuleringa ”personar med nedsett arbeidsevne med behov for arbeidsretta bistand”. I statistikken vil det likevel vere naudsynt å bruke ei kortare nemning som yrkeshemma.

Følgjande personar inngår i tabellane:

Personar som går ut av statusen ”yrkeshemma” i løpet av første halvdel av 2007. Personane i utvalet kan vere registrerte som yrkeshemma heilt fram til juni, men ikkje i juli. Dei som går ut av statusen ”yrkeshemma” for deretter å kome tilbake i same halvårsperiode, blir ikkje medrekna. Denne avgrensinga er parallel til den som er brukt i tidlegare analysar, men forskjellig frå den avgangsdefinisjonen for yrkeshemma som NAV har nytta sidan november 2001, der *avgang frå status som yrkeshemma* gjeld dei som ikkje registrerer seg igjen dei neste 13 vekene.

Det er store variasjonar mellom dei ulike tiltaka når det gjeld tilpassinga på arbeidsmarknaden, målt i november 2007. Skilnadane seier likevel ikkje utan vidare noko om kva slag tiltak som er mest effektive med tanke på å få yrkesemna ut i ordinært arbeid. Dei viktigaste årsakene til dette er:

- Eigenskapane ved personane på dei ulike tiltaka. Det at tiltaka for yrkeshemma er retta mot personar med ulike føresetnader for å få arbeid, tilseier òg at sjansen for å få jobb er forskjellig.
- Organisering av tiltaka. Eit døme på dette er lønstillskot. Som regel skal tilsettingsorholdet for personar på dette tiltaket ha lengre varigheit enn tiltaksperioden. Tilsettingsperioden kan dermed overlape evalueringstidspunktet.

I kapitel 4 og vedlegg B er det tatt med nokre tabellar over dei som var i arbeid i november 2007, som visar kor lang tid det i gjennomsnitt tok frå dei gjekk ut av status som yrkeshemma til dei blei tilsette i eit arbeidsforhold. Bakgrunnen for desse tabellane var eit høyningsnotat (AID 2007) med forslag om å erstatte rehabiliteringspengar, attføringspengar og tidsavgrensa uførestønad med ein ny midlertidig folketrygdtyting (arbeidsavklaringspengar), der ein berre kunne få stønad i 3 månader etter ferdig attførings, mot tidligare 6 månader.

I følgje AID (2007) er formålet med avgrensa varigheit ikkje primært å stoppe ytinga etter ei viss tid. Det skal dels bidra til at dei samla ressursane blir bruk best mogleg i forhold til formålet med ytinga og dels bidra til å understreke forpliktinga til oppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten og aktivitet frå mottakaren si side. Ein

annan ønska effekt av avgrensa varigheit er auka overgang til arbeid. Målet er at perioden med arbeidsavklaringspengar ikkje skal vere lenger enn det som er nødvendig for å få sett mottakaren i stand til å arbeide, eller å få avklart at personen oppfyller vilkåra for å få uførepensjon.

Om det skjer endringar i regelverket for kor lenge personane kan få attføringspengar/ arbeidsavklaringspengar etter ferdig attføring, og dette igjen påverkar overgangen til arbeid, vil det truleg også påverke kor raskt dei yrkeshemma kjem i arbeid. Men slike enkle tabelloppstillingar som i kapittel 4 og vedlegg B vil ikkje kunne gi anna enn ein mogleg indikasjon på ein slik effekt, då det ikkje blir kontrollert for viktige kjenneteikn ved individua eller endra konjunkturar.

2. Oversikt over gruppering av dei yrkeshemma

I dette kapitlet blir dei ulike typane av arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma gjennomgått, jamfør grupperinga NAV nyttar i presentasjon av tal for yrkeshemma. Informasjonen er henta frå forskrift om arbeidsmarknadstiltak (FOR 2001-12-20 nr 1544), som gjaldt t.o.m. 2007.

2.1. Arbeidsmarknadstiltak for ordinær arbeidskraft, der yrkeshemma inngår i målgruppa

2.1.1. Lønstilskot, tidsavgrensa

Målgruppe og varighet:

Arbeidssøkjarar som har særlege problem med å kome inn på arbeidsmarknaden, kan delta i lønstilskotstiltak av kortare varighet. Yrkeshemma med variabel og redusert yteevne kan delta i lønstilskotstiltaket av lengre varighet, inntil tre år.

Lønstilskot skal bidra til å motivere arbeidsgjevarar til å ta inn arbeidslause og yrkeshemma til ordinært arbeid på vanlege løns- og arbeidsvilkår i private eller offentlege verksemder. Lønstilskot blir gitt i form av ein prosentvis refusjon av løna i ein avgrensa del av tilsettingstida (maksimalt opp til 50 prosent av løna i eitt år, eller opp til 60 prosent i tre år).

2.1.2. Arbeidspraksis (praksisplassar)

Målgruppe: Yrkeshemma og ordinære arbeidssøkjarar med behov for tilrettelagt arbeidstrening og oppfølging (arbeidspraksis i ordinær verksemd), samt yrkeshemma med særleg usikre yrkesrelaterte føresetnader og med behov for tett og brei oppfølging (arbeidspraksis i skjerma verksemd).

Varighet: Inntil 3 år for yrkeshemma på arbeidspraksis i ordinær verksemd. Inntil 10 månader, med mogelegheit for 10 månaders forlenging, for yrkeshemma på arbeidspraksis i skjerma verksemd.

Tiltaket skal gje tilrettelagt arbeidstrening med oppfølging, og bidra til å prøve ut og styrka deltakarane sine evner til å kome i arbeid eller utdanning. Verksemda får utført ein del arbeidsoppgåver og får sett kva potensielle nye medarbeidarar kan bidra med. Deltakaren blir ikkje ordinært tilsett i verksemda, og tiltaket medfører ingen lønskostnader. Verksemda kan søke om å få utbetalt tilskot frå NAV, medan deltakaren sjølv mottar sin stønad frå NAV som før.

2.1.3. Opplæring (arbeidsmarknadsopplæring (AMO))

Målgruppe: NAV kan tilby opplæring til både yrkeshemma og ordinære arbeidssøkjarar med behov for kvalifisering, samt til arbeidstakarar i ein usikker sysselsettingssituasjon som har behov for kvalifisering. Deltakarar i opplæringstiltak må vere over 19 år (med unntak av yrkeshemma med rett til yrkesretta attføring).

Varighet: Inntil 10 månader. Yrkeshemma som tar ordinær utdanning som ledd i yrkesretta attføring, kan ta utdanning så lenge det blir vurdert som naudsynt eller formålstenleg.

Opplæring skal bidra til at yrkeshemma og ordinære arbeidssøkjarar blir kvalifiserte til ledige jobbar, og hindre utstøyting av arbeidstakarar som står i fare for å falle ut av arbeidslivet. Opplæring for yrkeshemma blir gitt anten som arbeidsmarknadskurs (organisert i samarbeid med NAV), eller ordinær utdanning som ledd i yrkesretta attføring (i sistnemnde tilfelle må deltakaren vere over 26 år, og utdanninga kan vare i inntil tre år).

I denne analysen skiljar vi ut skule (ordinær utdanning) frå annan type opplæring. Årsaka er at ordinær utdanning skilje seg frå anna type arbeidsmarknadsopplæring, og fordi dei yrkeshemma utgjer ei stor gruppe.

2.1.4. Sysselsetjingstiltak

Målgruppe: Langtidsledige og yrkeshemma som har behov for arbeidserfaring og opplæring, kan delta i sysselsetjingstiltak for langtidsledige.

Varighet: Skal tilpassast dei individuelle behova i forhold til arbeidsmarknaden. Sysselsetjingstiltak for yrkeshemma kan vare i inntil to år.

Sysselsetjingstiltak skal gi arbeidserfaring til personar som står i fare for å bli varig utestengt frå arbeidslivet eller som har problem med å etablere seg på arbeidsmarknaden. Andre arbeidsmarknadstiltak må vere vurdert før ein person kan byrje på sysselsetjingstiltak. Det kan dreie seg om sysselsetjingstiltak for langtidsledige, for yrkeshemma eller vikarplass. Sysselsetjingstiltak for yrkeshemma skal gi arbeidserfaring, og deltakarane mottar løn for arbeidet.

2.1.5. Forsøks- og andre tiltak

Frå og med februar 2006 har NAV endra på nokre av statusgrupperingane for yrkeshemma. Gruppene *Forsøkstiltak* og *Andre tiltak* er slått saman til gruppa *Forsøks- og andre tiltak*.

2.2. Spesielle arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma

I denne gruppa har vi tatt med dei tiltaka der ordinære arbeidssøkjarar ikkje er ein del av målgruppa.

2.2.1. Arbeid med bistand

Målgruppe: Yrkeshemma som har behov for tilrettelegging og oppfølging for å få eller behalde arbeid.

Varighet: Maksimal varighet er 3 år. Ved overgang frå skule eller soning i institusjon kan tiltaket forlengast med inntil 6 månader.

Arbeid med bistand skal gi formålstenleg og naudsynt bistand med sikte på integrering av yrkeshemma i ordinært arbeidsliv. Det kan dreie seg om kartlegging, bistand til å finne eigna arbeidsplass, tilrettelegging og oppfølging på arbeidsplassen, opplæring i arbeidsrelaterte og sosiale ferdigheter samt råd og rettleiing til arbeidsgivar/tiltaksarrangør. Arbeid med bistand kan kombinerast med andre arbeidsretta tiltak når dette er formålstenleg. Det kan også brukast i samband med overgang frå skule eller soning i institusjon til arbeid eller tiltak.

2.2.2 Avklaringstiltak

Målgruppe: Yrkeshemma dersom behovet for arbeidsmarknadstiltak er uklart.

Varighet: maksimalt i 12 veker.

Avklaring inneber motivasjon, rettleiing, systematisk kartlegging og utprøving av arbeidsevna for å få klarlagt eventuelle behov for kvalifisering eller andre tiltak som kan bidra til at tiltaksdeltakarar får arbeid.

2.2.3. Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift

Målgruppe: Yrkeshemma arbeidssøkjarar.

Varighet: Inntil 2 år med mogelegheit for forlenging dersom det er naudsynt for å få fagbrev.

I arbeidsmarknadsbedriftene skal yrkeshemma oppnå høgare reell og formell kompetanse gjennom tilrettelagt opplæring og arbeidstrening.

Tiltaket blir gjennomført i reelle bedriftsmiljø. Målet for tiltaket er formidling til ordinært arbeid eller eigenfinansiert utdanning.

2.2.4. Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift

Målgruppe: Yrkeshemma arbeidssøkjarar.

Varighet. Ingen tidsavgrensing. Formidling til arbeid i ordinært arbeidsliv skal likevel vurderast med jamne mellomrom. Deltakarar som har liten sjanse til å få arbeid i det ordinære arbeidslivet kan her få varig tilrettelagt arbeid.

2.2.5. Varig tilrettelagt arbeid

Målgruppe: Personar som har eller i nærmot framtid vil få varig uførepensjon, og som har behov for særskilt tilrettelegging og tett oppfølging. Andre arbeidsmarknads tiltak skal først ha vore vurdert som uaktuelle.

Varighet: Uavgrensa. Det skal likevel vurderast med jamne mellomrom om det kan vere aktuelt med overføring til andre arbeidsmarknadstiltak, utdanning eller formidling til ordinært arbeid.

Varig tilrettelagt arbeid skal tilby personar arbeid i ei skjerma verksemd, med arbeidsoppgåver tilpassa arbeidsevna til den enkelte. Varig tilrettelagt arbeid kan også bli tilbode som enkeltplassar i ordinær verksemd. Arbeidet skal bidra til å utvikle ressursar hos deltakarane gjennom kvalifisering og tilrettelagte arbeidsoppgåver.

2.3. Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar (ikkje på tiltak)

NAV deler dei yrkeshemma som ikkje er på tiltak inn i følgjande undergrupper:

1. søker attføring,
2. i kartleggingsfase
3. i ventefase for tiltak.

Frå og med juli 2004 overtok tidlegare Aetat ansvaret for personar som søker attføring. Kategorien *søker attføring* vart derfor ny i statistikken basert på ARENA-registeret, og medførte ein auke i talet på yrkeshemma som ikkje var på tiltak frå registeret.

3. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av første halvår 2007

3.1. Beskrivande analyse

Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma første halvår 2007 blir i dette avsnittet fordelte på demografiske kjenneteikn som kjønn, innvandrarstatus, alder, utdanning, og om dei er registrerte som deltar på eit tiltak eller ei. Vedlegg A inneholder meir utfyllande tabellar som også viser kva slag tiltak personane i utvallet deltok i før dei gjekk ut av status som yrkeshemma.

I alt 24 536 personar gjekk ut av status som yrkeshemma første halvår 2007. Av desse hadde 10 169 vore på arbeidsmarknadstiltak, medan 14 367 ikkje hadde vore på tiltak¹.

Yrkeshemma personar på tiltak verkar å vere yngre enn dei som ikkje deltek på tiltak (tabell 3.1). Mens 26 prosent av dei som ikkje deltok på tiltak, var 50 år eller eldre, var berre 17 prosent av tiltaksdeltakarane så gamle. For personar under 30 år er det likevel små skilnader mellom dei to gruppene.

Prosentdelen av dei yrkeshemma med høgare utdanning (avsluttande vidaregående skule eller meir) er høgare for dei som deltar på tiltak enn for dei som ikkje er med på tiltak.

Tabell 3.1. Personar som gikk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2007, etter demografiske kjenneteikn og tiltaksstatus

Demografiske kjenneteikn	Yrkeshemma i alt		Yrkeshemma på tiltak		Yrkeshemma ikkje på tiltak	
	Abs. tal	Prosent	Abs.tal	Prosent	Abs. tal	Prosent
Yrkeshemma i alt	24 536	100	10 169	100	14 367	100
Kjønn						
Menn	12 469	51	5 088	50	7 381	51
Kvinner	12 067	49	5 081	50	6 986	49
Innvandrarar frå Aust-Europa, Asia, Tyrkia, Afrika eller Sør- og Mellom-Amerika	2 749	11	892	9	1 857	13
Alder						
< 20 år	478	2	251	2	227	2
20-24 år	1 905	8	718	7	1 187	8
25-29 år	2 744	11	1 201	12	1 543	11
30-49 år	13 959	57	6 305	62	7 654	53
50-59 år	4 421	18	1 435	14	2 986	21
60 år +	1 029	4	259	3	770	5
Utdanning						
Uoppgitt/Ingen	1 084	4	336	3	748	5
Grunnskule	10 451	43	3 717	37	6 734	47
Vidareg. grunnutd.	2 778	11	969	10	1 809	13
Vidareg. avsluttande	5 780	24	2 592	25	3 188	22
Påbygging til vidareg.	786	3	388	4	398	3
Univ./Høgskule	3 657	15	2 167	21	1 490	10

3.2. Inndeling etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus i november

Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av første halvår 2007, blir i dette kapittelet fordelte på 11 ulike arbeidsmarknadsstatusar i november same året, i tillegg til kva slag tiltak dei har delteke i. SSB sitt ”System for persondata” (SFP) blir nytta når ein grupperer mellom dei 11 statusane. SFP er eit datasett som blir danna på grunnlag av ei rekke bakgrunnsregister. For personar som finst i fleire register samstundes, vil eit sett med reglar i SFP avgjere kva slag opplysning

¹ Det vil seie, dei var ikkje på tiltak den siste månaden dei var registrert som yrkeshemma i ARENA-registeret.

som blir vurdert som viktigast når ein skal kategorisere. Kvar einskild person kan berre ha ein hovudstatus i SFP på ei og same tid. Ei nærmare forklaring på dei 11 moglege tilstandane er gitt i vedlegg C.

Av dei 24 536 personane som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av første halvår 2007 var 10 831 sysselsette (lønstakar eller sjølvstendig næringsdrivande) i november 2007. Det svarar til ein prosentdel sysselsette på 46, som er ein auke på 2 prosentpoeng samanlikna med ein tilsvarende populasjon året før. Prosentdelen heilt arbeidsledige registrert ved NAV av dei som gjekk ut av status som yrkeshemma første halvår 2007 var 7, som året før. Like mange var på arbeidsmarknads- eller attføringsstiltak, også som året før. Ellers var 6 prosent sjukemeldt og 8 prosent på uførepensjon.

Tabell 3.2a. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2007, etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus¹ i november same året. Absolutte tal

Type tiltak i første halvår	I alt	Status i november											
		Løns-takar	Sjølv-stendig	Arb.-mark.-tiltak	Att-førings-tiltak	Heilt ledig	Sjuke-meldt	Utdan-ning	Ufør	Annan attføring	Alders-pensjon	Anna	Uoppgett
Alle yrkeshemma	24 536	10 831	540	518	1 157	1 824	1 386	488	1 823	2 864	24	2 801	280
Yrkeshemma på tiltak	10 169	5 687	157	254	479	800	298	249	439	792	8	867	139
Ordinære tiltak	8 641	5 005	136	221	416	722	224	239	241	649	2	710	76
Lønstilskot	863	659	26	18	36	32	10	2	6	9	-	57	8
Arbeidspraksis	2 227	1 083	29	61	151	126	83	81	107	236	-	251	19
Opplæring, unntatt skule	534	230	9	32	29	58	18	13	19	49	-	74	3
Skule	4 326	2 732	59	89	174	461	70	131	63	248	1	259	39
Midlertidig sysselsettingstiltak	43	24	2	5	-	4	-	-	-	-	1	7	-
Forsøks- og andre tiltak	648	277	11	16	26	41	43	12	46	107	-	62	7
Spesielle tiltak for yrkeshemma	1 528	682	21	33	63	78	74	10	198	143	6	157	63
Arbeid med bistand	737	379	10	16	21	36	40	3	55	77	-	84	16
Avklaringstiltak	307	83	9	11	14	18	28	3	32	52	-	48	9
Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift	234	152	1	6	13	22	1	1	4	10	-	21	3
Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift	37	15	-	-	1	1	-	-	10	1	2	2	5
Varig tilrettelagt arbeid	213	53	1	-	14	1	5	3	97	3	4	2	30
Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar²⁾ ..	14 367	5 144	383	264	678	1 024	1 088	239	1 384	2 072	16	1 934	141
Søker attføring	1 541	621	53	50	162	132	37	47	46	196	-	186	11
I kartleggingsfase ..	6 070	1 862	172	79	237	325	592	84	723	1 017	8	906	65
I ventefase for tiltak	6 756	2 661	158	135	279	567	459	108	615	859	8	842	65

¹ Personar som er aktive i fleire statusar samstundes, er her plasserte i ein status (sjå vedlegg C for detaljar) ut i frå ei bestemt prioritering.

² Desse er altså ikkje på tiltak.

Yrkeshemma på tiltak

Av dei yrkeshemma som hadde delteke på tiltak i løpet av første halvår 2007 var 58 prosent sysselsette i november same år, ein auke på 2 prosentpoeng frå året før (tabell 3.2b). Sysselsettingsprosenten for denne gruppa varierer mykje alt etter kva slags tiltak dei har vore på, frå 60 prosent for dei som hadde delteke på ordinære arbeidsmarknadstiltak til 46 prosent for dei på spesielle tiltak for yrkeshemma.

Tabell 3.2b. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2007, etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus¹⁾ i november same året. Prosent

Type tiltak i første halvår	I alt	Status i november											
		Løns-takar	Sjølv-stendig	Arb.-mark.-tiltak	Att-førings-tiltak	Heilt ledig	Sjuke-meldt	Utdan-ning	Ufør	Annan attföring	Alders-pension	Anna	Uoppgett
Alle yrkeshemma	100	44	2	2	5	7	6	2	7	12	0	11	1
Yrkeshemma på tiltak	100	56	2	2	5	8	3	2	4	8	0	9	1
Ordinære tiltak	100	58	2	3	5	8	3	3	3	8	0	8	1
Lønstiskot	100	76	3	2	4	4	1	0	1	1	-	7	1
Arbeidspraksis	100	49	1	3	7	6	4	4	5	11	-	11	1
Opplæring, unntatt skule	100	43	2	6	5	11	3	2	4	9	-	14	1
Skule	100	63	1	2	4	11	2	3	1	6	0	6	1
Midlertidig sysselsettingstiltak													
Forsøks- og andre tiltak	100	43	2	2	4	6	7	2	7	17	-	10	1
Spesielle tiltak for yrkeshemma	100	45	1	2	4	5	5	1	13	9	0	10	4
Arbeid med bistand	100	51	1	2	3	5	5	0	7	10	-	11	2
Avklaringstiltak	100	27	3	4	5	6	9	1	10	17	-	16	3
Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift	100	65	0	3	6	9	0	0	2	4	-	9	1
Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift	100	41	-	-	3	3	-	-	27	3	5	5	14
Varig tilrettelagt arbeid	100	25	0	-	7	0	2	1	46	1	2	1	14
Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar²⁾	100	36	3	2	5	7	8	2	10	14	0	13	1
Søker attföring	100	40	3	3	11	9	2	3	3	13	-	12	1
I kartleggingsfase	100	31	3	1	4	5	10	1	12	17	0	15	1
I ventefase for tiltak	100	39	2	2	4	8	7	2	9	13	0	12	1

¹⁾ Personar som er aktive i fleire statusar samstundes, er her plasserte i ein status (sjå vedlegg C for detaljar) ut i frå ei bestemt prioritering.

Om vi berre ser på dei som kom i jobb, finn vi *lønstiskot* i den eine enden, og *varig tilrettelagt arbeid* i den andre, med respektive 79 og 25 prosent sysselsetjing. Resultata blir naturleg nok påverka av dei definerte målgruppene. Den høge delen sysselsette i november for deltakarar på *lønstiskot* kan forklara med at desse blir tilsette på vanlege løns- og arbeidsvilkår (har allereie ein fot innanfor den ordinære arbeidsmarknaden), og at dei i mindre grad enn andre treng tilrettelegging og oppfølging. Vidare står det i forskrifta at lønstiskot blir gitt i ein avgrensa del av tilsettingstida. Tiltaka som er retta mot særleg utsette grupper, er dei som har relativt færrest personar i arbeid på evalueringstidspunktet. *Varig tilrettelagt arbeid, arbeid med bistand og tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift* tilhører denne kategorien. Den høge delen *uføre* i november for desse personane skuldast naturleg nok at deltakarane har sterkare grad av yrkeshemming samanlikna med dei på andre tiltak. Målgruppa for *varig tilrettelagt arbeid* er personar som anten er eller kjem til å bli uføre innan kort tid.

Vi har skilt ut tiltaket skule (ordinær utdanning) fordi ordinær utdanning er såpass forskjellig frå dei andre opplæringstiltaka, og fordi svært mange nyttar dette tiltaket, heile 4 326 yrkeshemma første halvår 2007. 64 prosent av desse var sysselsette i november 2007. Likevel er dei yrkeshemma som gjekk ut av skule også overrepresenterte i statusen heilt arbeidsledig i november.

Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar

Yrkeshemma som ikkje deltok på tiltak, har ein lågare prosentdel i arbeid enn resten av utvalet, noko som òg har vore tilfelle i tidlegare analyser (Pedersen 2007, Hamre 2008). Prosentdelen sysselsette var 39 i november for dei som sist var i handlingsplan- og ventefasar før dei gjekk ut av status som yrkeshemma i første halvår 2007.

Tabell 3.2c. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og 2007, etter type tiltak og prosentdel sysselsette i november same året. Prosent

Type tiltak i første halvår	Prosentdel sysselsette	
	2006	2007
Alle yrkeshemma	44	46
Yrkeshemma på tiltak	56	58
Ordinære tiltak	59	60
Lønstilskot	81	79
Arbeidspraksis	50	50
Opplæring, unntatt skule	46	45
Skule	62	64
